

KONTROLLUTVALET I VOSS KOMMUNE

Nemnd for førebuing av kjøp av sekretariatstenester for kontrollutvalet i Voss herad 2020

MØTEPROTOKOLL – NEMND – KONTROLLUTVALET I VOSS KOMMUNE.

Dato: Onsdag 14.08.2019, kl. 0900 – 0945.

Stad: Voss tinghus, møterom Skjeldal

Til stades var: Torunn Langmyhr Ringheim, leiar Voss KU
Jan Erik Thon, nestleiar Voss KU
Trond Håvard Bjørnstad, medlem Voss KU
Svein Medås, leiar Granvin KU
Katrina Øvsthus Stavenes, innkjøpskonsulent Voss kommune
Gunnar Ingvaldson Folkedal, setjeseekretær

Desse sakene var føre:

05/19 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Nemnda gjekk gjennom innkalling og saklista.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

06/19 Godkjenning av møteprotokoll 29.04.2019

Møteprotokoll frå møte 29.04.2019, vart samrøystes godkjend.

Ikkje offentleg, offl. § 23.

07/19 Innstilling til kjøp av sekretærtstenester for kontrollutvalet i Voss herad.

FRAMLEGG TIL INNSTILLING.

Vert lagt fram utan innstilling.

FAKTA:

Fellesnemnda i Voss herad 2020 gjorde slikt vedtak i møte 14.12.2018, Sak nr: 19/18:

«Voss herad lyser ut sekretariatfunksjonen for Kontrollutvalet på offentleg anbod.»

Lovgrunnlaget er inndelingslova av 2001.06.05., § 26, 5. ledd:

«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller

vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

I mandatet for fellesnemnda som er vedteke i Granvin heradsstyre 30.08.2017 og Voss kommunestyre 30.08.2017, er det gitt fullmakt til fellesnemnda for å tilsetje revisor og sekretariat for kontrollutvalet på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

Kontrollutvalet i Voss kommune handsama i sak PS 11/19 Sekretariatsordning for kontrollutvalet i Voss herad – orientering frå utvalsleiar.

Vedtak i Voss KU

«Kontrollutvalet sett ned nemnd på tre representantar og inviterer ein frå kontrollutvalet i Granvin herad.»

Nemnda er: Torunn Langmyhr Ringheim, leiar i Voss KU.
Jan Erik Thon, nestleiar i Voss KU.
Trond Håvard Bjørnstad, medlem Voss KU.
Svein Medås, leiar i Granvin KU.

VURDERING:

Saka vart handsama i møte i nemnda 29.04.2019. Det var semje i nemnda å lyse ut oppdraget som avgrensa konkurranse. Og det vart sendt ut innbyding til 4 aktuelle tilbydarar, med slik tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	18.06.2019
Tilbudsfrist	27.06.2019
Evaluering og eventuelle forhandlingar	12.08.2019
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	18.10.2019
Kontraktsinngåing	Veke 43
Vedståingsfrist for tilbodet	25.10.2019

Det kom inn tilbod frå 2 tilbydarar.

Tab 2. Ikkje offentleg, offl. § 23.

	Hordaland fylkeskommune	Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Sekretærarbeid og reis i 2 år	5,80	6,00
Kvalitet	2,00	2,00
Kompetanse	2,00	2,00
Sum	9,80	10,00

HANDSAMING I MØTE:

Det var framlagd slik dokumentliste:

- 1 Endeleg konkurransegrunnlag.
- 2 Tilbod frå Hordaland fylkeskommune, dato 11.06.2019. Ikkje offentleg fvl. § 13.
- 3 Tilbod frå Nordhordland Utviklingsselskap IKS, dato 26.06.2019. Ikkje off. fvl. § 13
- 4 Tabell 1. Detaljert utrekning. Ikkje offentleg fvl. § 13.
- 5 Tabell 2. Rangering Ikkje offentleg offl. § 23.

Leiar og sekretæren orienterte om saka og nemnda drøfta framlagde dokument. Det var liten skilnad i pris og nemnda meinte att det var umogeleg å skilja på kriteria, kvalitet og kompetanse.

Nemnda vil innstilla på at Nordhordland Utviklingsselskap IKS, vert tilsett som sekretariat for kontrollutvalet for Voss herad frå 01.01.2020.

Innstillinga frå nemnda vert send over til kontrollutvala i Voss kommune og Granvin herad, som innstiller i møte 17.09.2019 til fellesnemnda, som gjer endeleg vedtak på møte 18.10.2019.

SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Voss herad tilset Nordhordland Utviklingsselskap IKS, som sekretariat for kontrollutvalet for Voss herad frå 01.01.2020.

Torunn Langmyhr Ringheim
leiar

Gunnar Ingvaldson Folkedal
setjeseekretær